



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Rundskriv

Akershus fylkeskommune

Nr.	Vår ref	Dato
N-3/2017	17/589 - 1	07.06.2017

Honnørrabatt for døvblinde med følge – Utferdning av tilleggslegitimasjon

I Rundskriv N-3/2001 frå Samferdselsdepartementet blei det gjort greie for organiseringa av den statlege kompetansenesta for døvblinde, og retten til å utferde tilleggslegitimasjon for honnørrabatt for personar som er døvblinde.

Både struktur og namn er endra for alle einingane i denne kompetansenesta sidan 2001. Nasjonal kompetanseneste for døvblinde er ein del av spesialisthelsetenesta i Noreg. Tenesta har fire sentre med regionale oppgåver, to sentre med landsdekkande oppgåver og ein koordinerande eining, som alle er knytt til Helse Nord RHF. Nærmare informasjon kan ein finne på www.dovblindhet.no

Utferdning av tilleggslegitimasjon for honnørrabatt til personar som er døvblinde

Dei fire regionsentra som står for utferdning av tilleggslegitimasjon for honnørrabatt for personar som er døvblinde er:

- Regionsenteret for døvblinde, Universitetssykehuset i Nord-Norge HF
Postadresse: Pb 88, 9038 Tromsø
Kontorstad: Grønnegata 83, 9008 Tromsø
- Statped vest, fagavdeling kombinerte syns- og hørselstap og døvblindhet
Postadresse: Statped postmottak, Pb 113, 3081 Holmestrand
Kontorstad: Sandbrekkevegen 27, 5231 Paradis

- Statped sørøst, fagavdeling kombinerte syns- og hørselstap og døvblindhet
Postadresse: Statped postmottak, Pb 113, 3081 Holmestrand
Kontorstad: Vitaminvegen 1A, 0485 Oslo
- Rådgivningsavdelingen, Signo skole- og kompetansesenter
Molandveien 44, 3158 Andebu

Oppheving av rundskriv

Rundskriv N-3/2001 vert oppheva.

Vi ber om at dette rundskrivet blir distribuert til administrasjonsselskap, trafikkelskap og andre aktuelle medlemsbedrifter.

Med helsing

Anne-Lise Junge Jensen (e.f.)

Adresseliste

Samferdselsadministrasjonane i fylkeskommunane og Oslo kommune
Kollektivtrafikkforeningen
NHO Sjøfart
NHO Transport
NSB AS
NSB Gjøvikbanen AS
Flytoget AS
Widerøe's Flyveselskap AS

Kopi til:

NAV – Arbeids- og velferdsdirektoratet
Norges Blindeforbund
Nasjonal kompetansetjeneste for døvblinde